

● Siste året for Stiftinga G-Kultur:

# Avviklast i juni

Den 1. februar 2019 var siste gong Stiftinga G-Kultur tok imot søknadar om tilskot. Dette er fordi styret har vedteke at stiftinga skal avviklast innan 30. juni 2020.

Stiftinga G-Kultur er etterfølgjaren til Gudbrandsdalslaget som vert skipa i 1920. Målet deira var å gi utflytte døler ein lettare overgang frå bygd til by.

I 2013 vert Stiftinga G-Kultur oppretta og fekk i oppdrag å forvalte arven etter Gudbrandsdalslaget og gje økonomisk tilskot til kulturaktivitetar og verksemd tilknytt Gudbrandsdalen. Men innan sumaren i år skal dette altså avviklast.

#### – Oppdraget er avslutta

– Målet var heile tida å vidareføre arven og arkiva til Gudbrandsdalslaget. No ser vi på oppdraget som avslutta. Midla er meir eller mindre oppbrukte så det vert ei naturleg avslutning, fortel nestleiar ved Stiftinga G-Kultur, Kjell Austin.

Den siste store markeringa for Stiftinga G-Kultur vert kulturarrangementet Utflytt døl som skal haldast 1. februar i Oslo. Det kjem blant anna til å markere at det er 100 år sidan Gudbrandsdalslaget vert oppretta. Etter dette vert det ikkje noko meir.

– Dette var planen heile tida, seier Austin.

#### Sprekkfullt program

Programmet er difor sprekkfullt av innhald så Stiftinga G-Kultur går av med flagget til topps. Forskjellige verbale innslag, talar og musikk med lokal tilnærming skal vera med å ære tida Gudbrandsdalslaget og Stiftinga G-Kultur har eksistert. I tillegg skal skriftsamlinga



**NATURLEG AVSLUTNING:** - Dette var planen heile tida, fortel nestleiar i Stiftinga G-Kultur, Kjell Austin. FOTO: PRIVAT

Unge røyster frå skrivekonkurransen ved same namn lanserast.

– Vi fekk inn 18 tekster frå Gudbrandsdalen og utflytte dølar, fortel Austin.

Det var totalt fem honorerte forfattarar her, deriblant Håkon Noren, og saman med etablerte forfattarar og skribentar, utgjør dei til saman samlinga Unge røyster.

Arrangementet kjem også til å innehalde kunst og kultur frå Gudbrandsdalen, Lillehammer og Oslo. Det får økonomisk stønad frå Sparebank 1 Lom og Skjåk og tilskot til gjennomføring av skrivekonkurransen frå Oppland fylkeskommune og

kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringeby, Sel, Skjåk, Sør-Fron og Vågå.

**FRIDA AMUNDGÅRD**  
frida.amundgard@vigga.no



tel Håkon Noren. FOTO: PRIVAT

sen dei kjem frå.

– Det å reise gjorde at den sterke tilknyttinga til Lesja vart ekstra forankra. Vi prata om kor mykje vi sette pris på Lesja og at vi gleda oss veldig til å koma heim, fortel han.

Då han endeleg kom tilbake til heimlandet, drog han til Trondheim der han studerte filosofi i to år. Det kjende han gjorde godt; det gav han moglegheit til å realisere seg sjølv meir. Etter vidaregåande, filosofistudiet og turen i Sørøst-Asia, kjende Håkon på ein trong til å skrive.

– Så eg trur skrivekonkurransen vart den unnskyldinga eg trong for å skrive kreativt. Det hadde vore synd om eg gløymde det så det er godt å ha skreve det ned. Det vart ei granskning i mitt eiga sinn, så eg klarte ikkje å skrive noko som var feil, seier Håkon.

#### Ei slags konflikt

Han fortel vidare om spenninga ein føler når ein reiser eller flyttar vekk. Han bur framleis i Trondheim og understrekar kor mykje han likar å bu i byen og beskriv ei slags

konflikt ved dette.

– På den eine sida ligg Lesja og garden og det er ein stor del av meg, men eg likar framleis byen. Dette har ikkje plaga meg akkurat, men eg tenkte det kunne vera interessant å skrive om.

Håkon har no byta ut filosofistudiet med ein master i fysikk og matte med spesialisering innan matte. Kva han vil gjere etter ferdig utdanning, er enda ikkje avklart.

– Livet vert keisamt om ein lagar planar langt fram i tid, seier Håkon. I skrivekonkurransen vert dei fem

bidraga til Unge røyster, som skal vera med i skrivesamlinga ved same namn, honorert med 10 000 kroner kvar.

– Pengepremien kjem eg til å putte på BSU-en, fortel Håkon.

Samlinga skal lanserast under arrangementet til Stiftinga G-Kultur *Utflytt døl* i Oslo i februar.

Les teksta til Håkon på Vigga.no.

**FRIDA AMUNDGÅRD**  
frida.amundgard@vigga.no